

---

Saksnr: 2020/72391-10  
Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring		10.12.2021

## Innsatsområde og økonomiske disponeringar

Forslag til vedtak

Innovasjon og næring har fleire prosjekt under arbeid, som vert finansiert av budsjettmidlar sett av på løyvingsområde naturressursar, landbruk og reiseliv. Det vert lagt opp til følgjande bruk av desse midlane:

- 2 mill kr til delfinansiering av den forsterka marine innsatsen: berekraftig sjømat
- 1 mill kr til delfinansiering av vestlandsprosjektet for frukt, bær og grønt
- 1,5 mill kr til omstillingsinnsats i utvalde kommunar, jf fylkeskommunal finansiering i nasjonalt omstillingsprogram
- 0,5 mill kr til Blått kompetansesenter Vest

Midlane vert dekkja over innovasjon og næring sitt budsjett for 2021, løyvingsområde naturressursar, landbruk og reiseliv. Fylkesdirektøren får ut frå dette fullmakt til å gjennomføre dei disposisjonar som er nemnde.

### Samandrag

Fylkeskommunen arbeider med ein forsterka innsats innan marin sektor: berekraftig sjømat. Her skal vi saman med sentrale samarbeidspartnarar gjere vårt for å legge til rette for ei styrka verdiskaping, samstundes som vi ivaretek omsynet til naturmangfald, klima og miljø.

Fylkeskommunen arbeider saman med næringa og andre samarbeidspartnarar med eit vestlandsprosjekt innan frukt, bær og grønt. Vi kjem her inn på ytterlegare finansiering av dette prosjektet.

Vi arbeider med nokre kommunar som treng litt støtte, og vi har bede om statlege omstillingsmidlar til kommunar som treng litt drahjelp i form av deltaking i eit nasjonalt omstillingsprosjekt. Det ser ut til at vi får midlar, og må derfor også ordne ei delfinansiering frå fylkeskommunen.

Fylkesutvalet gjorde i november 2020 vedtak om at Blått kompetansesenter vest skal få ei støtte på 0,5 mill kr pr år. Det er ikkje gjort noko løyvingvedtak for 2021, og det vert ordna gjennom denne saka.

Denne saka gjeld økonomiske disposisjonar inn mot dei fire nemnde områda, og dette gjeld fire konkrete prosjekt/innsatsområde.

Bård Sandal  
avdelingsdirektør

Endre Høgalmen  
seksjonssjef naturressursar, landbruk  
og reiseliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det vert arbeidt med fleire større innsatsområde, m.a. ein forsterka marin innsats og eit vestlandsprosjekt innan frukt, bær og grønt. Og vi får truleg statlege omstillingsmidlar som skal hjelpe nokre av kommunane våre, og må finansiere noko av innsatsen sjølv. Og vi må gjennom denne saka ordne eit formelt vedtak på midlar til Blått kompetansesenter vest. Denne saka gjeld økonomiske disposisjonar inn mot dei fire nemnde områda.

### Ein forsterka marin innsats - berekraftig sjømat

Vi arbeider med ein forsterka marin innsats med vekt på eit samarbeid der ein skal løyse utfordringar som gjer at ein kan hente endå meir verdiskaping frå havbruk og havet. Dette må i så fall skje på eit berekraftig vis der ein løyser utfordringar som vi no strir med. Vi er då inne på problemstillingar som reduksjon av lakselus, full utnytting av avfallsressursane, null rømming og auka bruk av berekraftig fôr. Og vi er inne på problemstillingar kring god arealplanlegging, ikkje minst sjøarealet. Kort og godt innsats som gjer at vi kjem oss over i grøn sone innan trafikklssystemet. Og vi skjeler elles til korleis vi skal legge til rette for styrka verdiskaping innan fiskeri. Og det handlar om eit godt kunnskapsgrunnlag som grunnlag for gode val, påverknad av rammevilkår frå sentralt hald - og tiltak innan rekruttering og kompetanse. Vi har gode røynsler med å samle kommunar kring tema som reiseliv, og vi har nyleg hatt ei god samling for industrikommunar med sams utfordringsbilde. Så vi tenkjer at dette også er eit høve til å samle kommunar som er tunge på akvakultur.

Fylkeskommunen har søkt Nærings- og fiskeridepartementet om midlar, og det vert elles arbeidt med å få finansiering på den forsterke marine innsatsen. Hovudutvalet har stilt til rådvelde 1,75 mill kr, som skal gå til å støtte eksterne prosjekt. Og vi noterer at løyving vert drøfta i samband med det som skal bli budsjettet for 2022.

Med dei store ambisjonane som vi har er det viktig å få styrka finansieringa opp den eigeninitierte innsatsen som skal få dette samarbeidet til å fungere. Dei avsette 1,75 mill kr skal nyttast til finansiering av søknader i samband med eksterne prosjekt, som støttar opp under det som vi ønskjer å få til. Vi ser no at det er høve til å setje av litt meir midlar til den forsterke marine innsatsen, og det vert her lagt til grunn 2 mill kr. Ambisjonane er høge med ein innsats på over 30 mill kr pr år. Vi ser at det kan vere behov for å skalere ned innsatsen litt og tilpasse denne til dei midlane som er innan rekkevidde. Og vi skal følgje opp den søknaden som statlege midlar som tidlegare er sendt.

### Vestlandsprosjekt der landbrukspartnerskapen løftar satsinga på frukt, bær og grønt

Det er eit behov for eit stort løft i satsinga på frukt, bær og grønt i Vestland, og hovudutvalet har sagt at vi skal arbeide med eit vestlandsprosjekt. Gjennom eit vestlandsprosjekt skal ein legge til rette for at Vestland tek sin del av veksten som er venta innan frukt, bær og grønt. Då får vi sett tiltaka samla for heile fylket. Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 slår fast at dersom Vestland skal ta del i denne ambisiøse og nasjonale satsinga og få sin relative del av auken, er det viktig med ein koordinert vekststrategi i fylket. Og ein må sjå heile verdikjeda fram til forbrukar.

Den tilrådde løysinga for å løfte frukt og grønt Vestland er å setje av ressursar til eit samlande og overbyggane prosjekt med ulike delprosjekt innan til dømes kartlegging av hindringar og moglegheiter for vekst, mobilisering for auka planting, og andre tiltak ei kartlegging identifiserer behov for. Alle tiltak med mål om at Vestland skal halde på posisjonen som leiande på frukt og bær, og sørgje for at Vestland tek sin del av den venta veksten i marknaden. I dette prosjektet arbeider vi tett saman med næringa, Statsforvaltaren og Innovasjon Norge. Og denne satsinga vert sett i samanheng med den temaplanen for landbruk som skal utarbeidast.

Hovudutvalet har sett av 2,25 mill kr til eit sams vestlandsprosjekt, og desse midlane skal gå til finansiering av søknader og eksterne prosjekt. For å arbeide godt med prosjektet må vi ha meir midlar til den eigeninitierte innsatsen, og til eit kartleggingsarbeid. Vi legg til grunn at det vert nytta 1 mill kr til dette vestlandsprosjektet.

## Midlar til omstillingsinnsats i kommunar - fylkeskommunal finansiering i nasjonalt omstillingsprogram

Vi arbeider opp mot kommunar som treng litt ekstra drahjelp. Fylkeskommunen har i den samanheng søkt om statlege omstillingsmidlar til å hjelpe fleire kommunar. Etter det vi kan sjå ligg det inne tre mill kr i det som skal bli statsbudsjettet for 2022. Det vert føresett ei regional medfinansiering, og vi ser her på kva midlar fylkeskommunen kan yte inn i denne innsatsen.

Følgjande er henta frå fylkeskommunen sitt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet:  
x x x

Vi melder med dette inn:

- Hyllestad kommune der ei hjørnesteinsbedrift står framfor ei omfattande nedskalering av arbeidsstokken.
- Ein reiselivsregion i Vestland med kommunane Aurland, Ulvik og Eidfjord, der pandemien har ført til stor arbeidsløyse innan reiselivet.

Felles for desse kommunane er at dei er små, har einssidig næringsgrunnlag og at høg arbeidsløyse kan få store og negative konsekvensar for innbyggartalet. Dei har også det til felles at pendling i mindre grad vil vere ei løysing på utfordringane dei står i, eller står framfor.

Omstillingsområde	Hjørnesteinsbedrift/-næring	Omstillingsperiode	Mill. kr 2022 KMD	FK/kommunal medfinansiering
Hyllestad	New Havyard Ship Technology	6 år	4	1
Aurland, Eidfjord, Ulvik	Reiseliv	4 år	5	3

x x x

Som det går fram av tabellen søkte vi om 9 mill kr, med ei fylkeskommunal finansiering på 4 mill kr. Vi ser ut til å få mindre midlar enn omsøkt, og treng ikkje setje av så mykje i fylkeskommunal finansiering. På den andre sida er stoda no lysare enn då vi sende vårt brev i vår. Vi legg her til grunn at fylkeskommunen går inn med 1,5 mill kr som finansiering inn i dette omstillingsarbeidet.

### Støtte til Blått kompetansesenter Vest

Fylkesutvalet gjorde i november 2020 vedtak om at Blått kompetansesenter vest skal få ei støtte på 0,5 mill kr pr år. Det er ikkje gjort noko løyvingvedtak for 2021, og det vert ordna gjennom denne saka.

Blått kompetansesenter vest er knytta til Austevoll vidaregåande skule. Senteret skal kunne nyttast til marine og maritime verksemder i samarbeid med skule og andre kunnskapsmiljø. Vi snakkar då om verksemder innan akvakultur, fiskeri, fornybar energi og transport. Blått kompetansesenter vest skal bygge bru mellom vidaregåande opplæring, marine/maritime verksemder og FoU-miljøa, slik at elevane vert sikra relevant utdanning og praksis - og at verksemdene vert sikra arbeidskraft med rett yrkesfagleg kompetanse. Vi legg til grunn at det no vert gjort eit løyvingvedtak på 0,5 mill kr.

### Fullmakt til å disponere eller omdisponere midlar

Det vert bedt om at fylkesdirektøren får fullmakt til å gjennomføre dei disposisjonane som er nemnde i denne saka.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse.

Vurderingar og verknader

Økonomi: løyvingane vert dekkja med disponible midlar på innovasjon og næring sitt budsjett for 2021, frå posten distrikts- og lokalsamfunnsutvikling. Dei disponible midlane skulast at det på nokre område har teke litt meir tid å få fortgang i planlagt arbeid, og litt mindre ekstern verksemd i koronatida. Og vi har elles gjennom året fått ekstramidlar som kan ha avlasta det opprinnelege budsjettet. Det er sannsynleg at deler av midlane vert periodisert til 2022 for bruk i samband med igongsett arbeid.

Klima: I tråd med overordna føringar.

Folkehelse: I tråd med overordna føringar.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): I tråd med overordna føringar.

### **Konklusjon**

Dei nemnde innsatsområda vert støtta.